

SELSKAPSAVTALE

FOR

HALLINGDAL RENOVASJON INTERKOMMUNALE SELSKAP (IKS)

§ 1. Namn

Hallingdal Renovasjon Interkommunale Selskap (IKS) er eit interkommunalt selskap organisert etter lov om interkommunale selskap av 1999 nr 6, og ei vidareføring av Hallingdal Renovasjon, tidlegare organisert etter kommunelova § 27.

§ 2. Deltakarar

Følgjande kommunar er deltakarar i selskapet:

Flå kommune, Nes kommune, Gol kommune, Hemsedal kommune, Ål kommune, Hol kommune og Krødsherad kommune.

§ 3. Hovudkontor

Selskapet har hovudkontor i Kleivi i Ål kommune.

§ 4. Føremål

Hallingdal Renovasjon IKS skal ha som formål å drive innsamling og handtering av husstandsavfall næringsavfall og slam med grunnlag i sjølvkostprinsippet.

Selskapet skal også drive produksjon og sal av energi basert på forbrenning av avfall og andre fornybare ressursar.

Selskapet skal være ein pådrivar for ei positiv miljøretta utvikling innanfor forretningsområdet, og bidra aktivt til utvikling av Hallingdal som ein "Grøn Region".

§ 5. Oppgåver

Selskapet skal tilby og være det beste anlegget for sluttbehandling av avfall frå Hallingdal, Krødsherad og nærliggande område.

Selskapet skal også kunne opprette og drive aksjeselskap innan forretningsområde, etter vedtak i Representantskapet. Representantskapet skal være/ velje representant(er) til generalforsamlinga.

Selskapet kan være eigarkommunane sin utøvande kontrollmyndigheit for næringsavfall.

§ 6. Eigartpart og deltakaransvar

Kommune	Innbyggjara	Andel %
Hol	4 457,00	19,65
Ål	4 741,00	20,90
Hemsedal	2 228,00	9,82
Gol	4 581,00	20,20
Nes	3 452,00	15,22
Flå	1 034,00	4,56
Krødsherad	2 186,00	9,64
SUM	22 679,00	100,00

Per 1. januar 2012

Deltakarane sin eigardel skal regulerast for 4 år om gongen i høve til innbyggjartalet i den enkelte kommunane 1. januar påfølgjande årsskifte etter kommuneval.

Går ein deltakar ut av selskapet, eller nye trer inn skal eigardelen regulerast i høve til ny fordeling etter same utrekning.

Den einskilde deltakar heftar uavgrensa for den same prosentvise part av skyldnadene til selskapet som han har eigarpart, jf over.

§ 7. Inntekter og Innskotsplikt

Selskapet skaffar seg inntekter frå betaling for tenester som vert utført innafor forretningsområde, ved innskott/tilskott frå deltakarane, tilskott frå staten og ved opptak av lån i kredittinstitusjonar med pant i selskapet sine faste anlegg.

Kostnader med transport og behandling av avfall og slam, skal vera like for dei tenestene selskapet utføre for deltakarane. For innsamling av avfall skal selskapet prise tenestene etter den servicegrad som utførast for deltakaren.

Deltakarane innbetalar til selskapet forskottsvis og kvart kvartal (1. januar, 1. april, 1. juli, 1. oktober) 25 % av budsjettert kostnad pr. år for kvar deltakar for dei tenester selskapet utførar for deltakarane. Endeleg oppgjør for utførte tenester skjer med avrekning ved årsoppgjøret.

Vert det kravd at deltakarane skal gje innskott, stille ny eigenkapital eller garantere for nye lån, må det gjerast vedtak om dette av det einskilde kommunestyre og beløpet skal tilsvare deltakaren sin eigarpart i selskapet. Investeringar finansiert av selskapet, betaling for selskapets tenester og liknande, reknast ikkje som innskott.

§ 8. Representantskapet

Representantskapet er øvste organ i selskapet.

Representantskapet har 14 medlemmer, slik at kvar deltakarkommune vel 2 medlemmer med personlege varemедlemmer til representantskapet.

Den einskilde deltakar vel sine medlemmer til representantskapet for kommunevalperioden. Funksjonstida startar 1. desember det året medlemmane er vald. Kommune-lova §§14, 15 og 16 gjeld for deltakarens val av sine medlemmar.

Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar for 2 år om gongen.

Deltakarane har instruksjonsmynde overfor sine medlemmar til representantskapet.

Styremedlemmer og varemедlemmer, styret sin leiar og nestleiar vert vald av representantskapet for to år om gongen. Før valet skal deltakarane kome med framlegg til representantar til styret. Representantskapet har instruksjonsrett og kan overprøve vedtak fatta av styret.

§ 9. Representantskapet sine møte

Leiaren i representantskapet kallar inn til møte i representantskapet når det er nødvendig for handsaming av ei sak som etter lov om interkommunale selskap, eller selskapsavtala skal handsamast av representantskapet, og når det elles er nødvendig for handsaming av ei særskild sak.

Leiaren i representantskapet har plikt til å innkalle representantskapet til møte når styret, revisor, minst ein av deltakarane, eller minst ein tredel av representantskapets medlemmer krev det for handsaming av ei særskilt oppgitt sak.

Innkalling til representantskapsmøte skal gjerast med minst fire vekers varsel, og skal innehalde sakliste. Med tilsvarande frist vert også den einskilde deltakar i selskapet varsla.

Innkalling skal vere skriftleg.

Ordinært representantskapsmøte skal kallast inn innan utgangen av mai månad.

Ordinært representantskapsmøte skal handsame:

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val av styre
- Val av revisor
- Overordna mål og retningsliner for drifta
- Føresetnader for budsjett- og økonomirammer
- Rammer for låneopptak og tilskott frå deltakarane
- Andre saker som er førebudd ved innkallinga

Ekstraordinært representantskapsmøte til handsaming av særskild framsette saker kan kallast inn av representantskapets leiar med kortare varsel når det er nødvendig.

Leiaren i representantskapet er møteleiar, eller, ved hans forfall nestleiar. Er ingen av desse til stades skal det veljast ein møteleiar.

Dagleg leiar og styreleiar har møteplikt og talerett. Styremedlemmar har møte- og talerett.

I representantskapet har alle medlemmer stemmerett, men slik at den enkelte deltakers medlemmer til saman stemmer for deltakaren sin eigarpart i selskapet. Representantskapet fattar vedtak med alminneleg fleirtal etter eigarpart. Ved likt stemmetal avgjer møteleiar si stemme.

Møteleiar sørgjer for at det vert ført protokoll frå møta. Møteleiar og to av medlemmane som er valt ved møtet når møtet startar skal skrive under protokollen.

Styremedlemmer og dagleg leiar har rett til å få sitt syn på ei sak innført i protokollen.

§ 10. Styret

Selskapet skal ha eit styre med ein medlem frå kvar eigarkommune medlemmar, samt ein representant for dei tilsette.

Styremedlemmer og varamedlemmer, styret sin leiar og nestleiar vert vald av representantskapet for to år om gongen. Før valet skal deltakarane kome med framlegg til representantar til styret.

Tilsette vel sin representant i fellesmøte.

Medlemmer av representantskapet eller dagleg leiar kan ikkje vere medlem av styret.

Spørsmål om fritak for styremedlem skal handsamast av representantskapet. Dersom eit medlem går endeleg ut, eller har varig forfall, vert det valt nytt medlem for resten av valperioden. Tilsette sin representant trer ut av styret dersom tilsetjingsforholdet vært avslutta.

§ 11. Styrets mynde og oppgåver

Styret skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med:

- selskapet sitt føremål, selskapsavtala
- gjeldande avfallsplan for Hallingdal
- selskapet sitt årlege budsjett
- andre vedtak og retningsliner fastsett av Representantskapet

Styret skal innan gjeldande frist utgreie og legge fram forslag til årsmelding, rekneskap, budsjett med økonomiplan og handlingsplanar og andre saker til behandling i Representantskapet.

Styret set i verk representantskapet sine vedtak, men kan berre ta opp lån eller påføre deltakarane forplikting i den utstrekning det ligg føre særskilt vedtak om dette av representantskapet, jf også selskapsavtala § 17.

Selskapet kan teiknast av Styreleiar og dagleg leiar i fellesskap. Ved Styreleiarers fråvær trer nestleiar i denne stad.

Styret tilset dagleg leiar, og fastset tilsettingsvilkår.

§ 12. Styret sine møter

Styremøta vert leia av styreleiar eller om styreleiar har forfall, av nestleiar. Er ingen av desse til stades, skal det veljast ein møteleiar. Styret fattar vedtak med alminneleg fleirtal. Ved votering i styret skal kvar stemme telje likt. Ved likt stemmetal avgjer møteleiar si stemme ved votering. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades, inkludert møtande vara medlemmar.

Møteleiar sørgjer for at det vert ført protokoll frå styremøte. Protokollen skal normalt lesast opp og underteknast ved avslutning av møte.

Tilsette sin representant har ikkje stemmerett ved saker som gjeld forholdet mellom styret som arbeidsgjevar og dei tilsette. Representanten har heller ikkje rett til å delta ved handsaming av saker som gjeld forskrifter, arbeidsgjevar sin førebuing til forhandlingar med tilsette, arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidsgjevarorganisasjonar, eller oppseiing av tariffavtaler.

§ 13. Dagleg leiar

Dagleg leiar utøvar den daglege leiinga av selskapet og skal følgje dei retningslinjer og pålegg som styret gir.

Dagleg leiar er styret sin sekretær og sakshandsamar. Vedkomande har tale- og forslagsrett i styremøte, dersom ikkje styret i enkeltsaker vedtek at vedkomande ikkje skal kunne møte.

§ 14. Organisering av tilsynsfunksjonar

Dagleg leiar skal til kvar tid halde styret orientert om alle forhold som er viktige for selskapet, her under om økonomi og personalforhold. Dagleg leiar skal rapportere til styret på ein slik måte og så ofte som situasjonen tilseier det, eller slik styret måtte bestemme. Styret skal sørgje for at representantskapet til kvar tid har nødvendig oversikt og i tide kan førebu nødvendige disposisjonar.

Representantskapet sine møtebøker skal sendast til deltakarane direkte etter kvart møte, i tillegg til medlemmane i representantskapet.

§ 15. Budsjetthandsaming

Representantskapet vedtek selskapet sitt budsjett for komande kalenderår.

Styret utarbeider forslag til detaljert budsjett, føresetnader for budsjett og gjer framlegg til budsjetttrammer til representantskapet. Dersom styret sitt framlegg går ut over tidlegare føresetnader eller har verknader som går ut over rammene i deltakarane sin økonomiplan, skal representantskapet og deltakarane bli gjort merksame på dette. Det same gjeld forslag til endring av budsjettet innanfor budsjettperioden, jf også lov om interkommunale selskap § 19.

Ferdig handsama budsjett skal sendast deltakarane innan 1. oktober. Dersom selskapets budsjett gjer det nødvendig med innskott frå deltakarane, er budsjettet ikkje endeleg før budsjettet til deltakarane sjølv er handsama etter kommunelova § 45 nr 4, så langt det gjeld innskottet.

§ 16. Økonomiplan

Representantskapet skal ein gong i året vedta økonomiplan for selskapet. Planen skal leggst til grunn for selskapets budsjettarbeid og anna planleggingsarbeid. Økonomiplanen skal omfatte dei fire neste budsjettår og gi ein realistisk oversikt over sannsynte inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver, herunder investeringsplanar og finansieringa av desse i denne perioden.

I økonomiplanen skal det inngå ein oversikt over selskapets samla gjeldsbyrde og garantiansvar, og over utgifter til renter og avdrag i planperioden. Styret sørgjer for å utarbeide økonomiplanen. Planen skal sendast deltakarane som grunnlag for deltakaren sin økonomiplan.

§ 17. Låneopptak, garantiansvar og aksjeutviding

Selskapet gis ei total låneramme på kr. 90 millionar.

I forhold til langsiktig gjeld skal:

- kvart låneopptak vedtakas i Representantskapet,
- lånet kan berre brukast til investeringar i bygningar, anlegg og varige driftsmiddel til eige bruk i Hallingdal Renovasjon IKS sin ordinære aktivitet,
- det kun tas opp lån til tiltak som er ført opp i årsbudsjettet

I tillegg kan selskapet ta opp lån for å konvertera eldre gjeld i ny gjeld med betre renta- og avdragsvilkår.

Låneopptak skal skje i norske kredittinstitusjonar. Låneopptaket skal godkjennast av Fylkesmann i Buskerud.

Selskapet kan ikkje stille garanti eller pantsette sine eigedelar som garanti for andre sin økonomiske skyldnad. Selskapet kan ikkje sjølv låne ut pengar.

§ 18. Arbeidsgjevartilknytning

Selskapet er medlem av Kommunanes Sentralforbund, bedrift.

§ 19. Arbeidsgjevaransvar

Dagleg leiar utøvar arbeidsgjevaransvaret overfor tilsette i selskapet. Tilsetting skjer av dagleg leiar.

I tilsetjingssaker gjeld forvaltningslova og forskrift om partsoffentlegheit i saker som gjeld tilsetjing i offentlig forvaltning.

§ 20. Personalreglement

Styret vedtek personalreglement for tilsette i selskapet

§ 21. Lokale forhandlingar

Dagleg leiar gjennomfører forhandlingar i samsvar med Hovudavtale og Hovudtariffavtale.

§ 22. Godtgjersle til styret og representantskapet

Representantskapet fastsett godtgjering til styret, representantskap og revisor.

§ 23. Klage

Klager over utførte driftsoppgåver, krav om godtgjersle eller tenester som er utført av selskapet skal rettast til styret. Administrasjonen skal gjevast høve til å gje uttale og eventuelt rette påklaga forhold.

Klage på vedtak i personalsak, handsamast av representantskapet dersom vedtaket er fatta av styret, eller av styret dersom vedtaket er fatta av dagleg leiar.

Klage på vedtak i medhald av særlov, følgjer lova sine reglar.

§ 24. Rekneskap og revisjon

Styret har plikt til å sjå etter at det vert ført lovmessig rekneskap og at det vert utført revisjon av selskapet.

Rekneskapen skal førast etter rekneskapslova, og skal vise den enkelte avdeling sine innkomer og kostnader.

§ 25. Endring av selskapsavtalen

Endringar av selskapsavtalen krev tilslutning frå alle deltakarane når det gjeld slike forhold som omtala i lov om interkommunale selskap § 4, 3. ledd. Andre endringar kan vedtakast av representantskapet med tilslutning frå minst tre fjerdedelar av stemmene frå deltakarane, jf § 9, jf § 6.

Framlegg til endring av selskapsavtale kan setjast fram av styret, representantskapet og ein eller fleire av deltakarane.

Styret skal i tilfelle få høve til å uttale seg om framlegg til endring av selskapsavtalen før det vert handsama av representantskapet.

§ 26. Utmelding

Den enkelte deltakar kan einsidig seie opp sitt deltakarforhold i selskapet med 2 års varsel.

Den enkelte deltakar kan tre ut av selskapet straks når deltakaren sin rett blir krenka, eller ved vesentleg mishald i forhold til selskapsavtalen.

Representantskapet eller deltakarane kan om dei meiner det er urimeleg innan 1 mnd. bringe spørsmålet inn for departementet for avgjersle.

Summen for utløyising vert fastsett til deltakaren sin nettoverdi ved utløp av frist for oppseiing, summen kan likevel ikkje overstige verdien av deltakaren sine innskott i form av kontantar eller andre innskott i selskapet. Er verdien i selskapet negativ betaler den som melder seg ut av selskapet si gjeld. Summen betalast straks.

§ 27. Innmelding av ny deltakar

Innmelding av nye deltakarkommunar kan skje dersom alle nåverande deltakarkommunane sluttar seg til dette. Krava til ny deltakar skal forhandlast om i kvart enkelt tilfelle, men som minimum skal ansvarsfordelinga i.h.t. denne selskapsavtalen reviderast med bakgrunn i folketalet ved føregåande årsskifte, og dei nye deltakarkommunane skal ta på seg eit garantiansvar for lån som tilsvarar den reviderte ansvarsfordelinga. Eigenkapitalen og den samla gjelda vært fastsett på bakgrunn av sist avlagte rekneskap.

§ 28. Oppløysing og avvikling

Ved framlegg til oppløysing av selskapet må vedtaket vere einstemt i Representantskapet, og vedtaket om oppløysing må godkjennast av deltakarane og av departementet. Blir det vedteke å oppløyse selskapet, vel representantskapet eit oppløysingsstyre med ein medlem frå kvar deltakar. Styret pliktar å melde frå til føretaksregisteret ved avvikling.

§ 29. Valgift

Usekje om tolking av avtalen skal løysast ved valgift, jf. Lov om valgift av 14. mai 2004 nr. 25, med mindre ein av deltakarane krev handsaming ved dei ordinære domstolar.

§ 30. Lov om interkommunale selskap

Lov om interkommunale selskap gjeld om ikkje anna er sagt i avtala her.

Denne selskapsavtale er i 8 eksemplar, eit til kvar av deltakarane og eit eksemplar til Hallingdal Renovasjon IKS.

Klein 10/6-13
stad/dato

[Signature]
Krødsherad kommune

Klein 10/6-13
stad/dato

[Signature]
Flå kommune

Klein 10.6.13
stad/dato

[Signature]
Nes kommune

Klein 10.6.13
stad/dato

[Signature]
Gol kommune

Klein 10/6 2013
stad/dato

[Signature]
Hemsedal kommune

Klein 10/6-2013
stad/dato

[Signature]
Ål kommune

Klein 10/6-13
stad/dato

[Signature]
Hol kommune

REVIDERT STRATEGI FOR HALLINGDAL RENOVASJON IKS


2019-2023

HR SINE STRATEGISKE MÅL

Fra 2019 har HR valgt seg ut flere hovedmål som skal føre selskapet i en utvikling som øker kildesortering og gjenvinning av avfallet i regionen, samt sikrer en miljømessig god håndtering av både avfall og slam.

Vi ønsker full utnyttelse av de ressursene som er i avfallet, enten i form av gjenbruk, materialgjenvinning eller energigjenvinning. Kvaliteten på avfallet som sorteres ut skal være god, for å tilfredsstille kravene som stilles videre i gjenvinningsprosessen. Vi ønsker at innbyggerne i Hallingdal og Krødsherad skal være trygge på at den jobben de gjør hjemme med å kildesortere, bidrar positivt til å oppnå best mulig ressurs-utnyttelse av avfall.

Selskapet skal ha fokus på kostnadseffektiv og miljømessig fornuftig drift. Samtidig skal vi være gode på kundetilfredshet. For å oppnå selskapets mål må HR internt ha sterk fokus på HMS og god personalforvaltning.



HR sine styrker og svakheter

Det er nødvendig for selskapet å kjenne sine styrker og svakheter, for å vite hvilke områder som må gjøres noe med og hvilke områder som tas vare og dyrkes videre.

Samtidig må muligheter og trusler være avklart slik at selskapet arbeider på en god måte med utvikling, men samtidig være forberedt på at eksterne forhold kan påvirke dette.

	Positivt	Negativt
Interne forhold	Styrke - God kompetanse og mykje erfaring i dei ulike avdelingane. - Driftar heile verdikjeda - frå innsamling til sluttbehandling. - Anlegg for å handtere ulike fraksjonar lokalt: energigjenvinning, deponi og kompostering. - Lokalisert i næringspark, ingen bustadhus i nærområdet. - Å levere avfall til lokale avfallsmottak er inkludert i renovasjonsgebyret for hushaldningskundar. - God lokalkunnskap.	Svakhet - Manglande kompetanse på lokale avfallsmottak. - Energigjennvinningsanlegg med låge inntekter frå energisal. - Teknisk utfordring med energigjennvinningsanlegg - kjem nye utslppskrav og avgifter. - Liten bedrift i nasjonal målestokk. - Mogleg med feilsortering ved container-/returpunkt. - Begrensa areal for avfallshandtering under tak.
	Moglegheit - Interkommunal verksemd utan konkurranse på innsamling av hushaldningsavfall. - Krav om meir sortering av hushaldningsavfall er venta. - Sju eigarkommunar med aukande antal abonnentar og mengde avfall - moglegheit for endå ein eigarkommune. - Mottak av meir kommunalt næringsavfall.	Trussel - Hard konkurranse på næringsavfall. - Endringar i regelverk, løyver og myndigheitskrav - stadig strengare. - Beliggenhet i høve til logistikk, både oppstrøms (dekkar stort geografisk område) og nedstrøms (langt til behandlar av farleg avfall og andre fraksjonar) - transport. - Manglande evne/vilje til å etablere nye og tilstrekkeleg areal til avfallshandtering ved hytteutbyggingar.
Eksterne forhold		

VISJON

Bærekraftig avfallshåndtering lokalt

Definisjon: Utvikling av en fullverdig avfallshåndtering som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov.

Grunnlag for målsettinger

- HR skal fokusere driften på innsamling og håndtering av avfall fra husholdning og næring.
- HR skal sikre muligheten for sortering av alle gjenvinnbare avfallsfraksjoner til alle abonnenter.
- HR skal sikre nok avfall til å utnytte kapasiteten i forbrenningsanlegget, dersom det er kostnadsmessig og miljømessig fornuftig.
- HR skal bidra til å etablere en gjenbruksordning i alle eierkommunene.
- HR skal gi god informasjonen for å øke kunnskapen om kildesortering og avfallshåndtering hos abonnentene.
- HR skal øke antall abonnenter med henteordning for å bidra til økt kildesortering.
- HR skal unngå langtidspåvirkning på ytre miljø, og ta bruk miljøvennlig teknologi på alle områder det er fornuftig i forhold til både miljø og kostnader.

Kritiske faktorer:

- Gjennomføre lovpålagt renovasjon for alle abonnenter til enhver tid.
- Skaffe nok avfall til optimal drift ved avfallsforbrenningsanlegget.
- Holde utslipp fra avfallsforbrenningsanlegget lavere enn lovpålagte krav.
- Riktig og nødvendig kommunikasjon og informasjon til alle abonnenter.
- Sikker levering av fjernvarme til avtakere.

Kundeverdier:

- Husholdning – punktlighet ved henting, ryddig henting, mulighet for kildesortering, riktig håndtering av kildesorterte fraksjoner, god informasjon og kommunikasjon
- Hytter – mest mulig kildesortering, informasjon, tilgjengelighet, tømning/ rydding på konteiner-/ returpunkt
- Næring – mulighet for sortering, riktig pris, riktig håndtering av avfallet videre, dokumentasjon, tømning ved behov/ fleksibilitet
- Fjernvarme – sikker leveranse, nok energi tilgjengelig, riktig pris

Personalverdier:

- Trygg og attraktiv arbeidsplass, aktivt HMS-arbeid som gir sikkert arbeid
- Bli hørt og bli sett, samt føle god trivsel, stolthet og tilhørighet
- Vekstmulighet for den enkelte gjennom kompetanseutvikling

Strukturverdier:

- Interkommunalt selskap i henhold til Lov om interkommunale selskaper.
- Likt tjenestetilbud med lokale avfallsmottak i alle kommuner.
- Innsamling av husholdningsavfall med transportutjevning.

MÅL 1

HR skal samle inn og medvirke til at mest mulig av gjenvinnbare avfallsfraksjoner i eierkommunene blir materialgjenvunnet

Delmål

- A. Minimum 95% av alle husholdninger skal være på henteordning.
- B. All hytterenovasjon skal være returpunkt med mulighet for kildesortering i nedgravd/ bunntømt oppsamlingsutstyr.
- C. HR skal tilby kildesortering med 5 fraksjoner (rest, mat, papir/ papp (mix), glass/ metall, plast) til alle husholdninger, herunder hytteabonnenter, innen 1 januar 2023.
- D. HR skal levere minst 50% av husholdningsavfallet til materialgjenvinning i 2023.
- E. HR skal bidra til at minst 55% av matavfallet fra husholdning, herunder hytter, blir kildesortert innen 2025, 60% innen 2030 og 70% innen 2035.
- F. HR skal bidra til at minst 50% av plastavfallet fra husholdning, herunder hytter, blir kildesortert innen 2025, 60% innen 2030 og 70% innen 2035.
- G. Bidra til at park- og hageavfall blir sortert og levert på lokale avfallsmottak av abonnenten.
- H. HR skal vurdere og eventuelt innføre kildesortering for tekstiler innen 1. januar 2023.
- I. HR skal flytte og bygge to nye lokale avfallsmottak (Ål og Krødsherad) og utvide kapasiteten ved to andre (Gol og Nes).

MÅL 2

HR skal sikre lokal sluttbehandling med energigjenvinning av restavfall til forbrenning i regionen, og produksjon av biogass basert på matavfall, husdyrgjødsel og slam

Delmål

- A. HR skal sluttbehandle alt ikke gjenvinnbart avfall og brennbart avfall med energigjenvinning, og utnytte minst 60% av all produsert energi.
- B. HR skal være en foretrukket sluttbehandler for avfall fra nabokommuner i regionen, og slik bidra til kortreist avfallshåndtering. Sigdal kommune er invitert inn som medeier i selskapet fra 2020.
- C. HR skal bedre kvaliteten på alt restavfall til forbrenning fra både næring og kommunalt (bl.a. bedre sortering på returpunkt, økt sortering av blandet avfall, lagring av behandlet avfall under tak, sortere restavfall fra hytterenovasjon etc).
- D. HR skal gjennomføre forprosjekt for å vurdere biogassanlegg, basert på matavfall fra husholdning og næring, husdyrgjødsel og slam.
- E. HR skal eventuelt prosjektere og bygge biogassanlegg for produksjon av avansert biogass i Kleivi næringspark innen 1. januar 2023.
- J. HR skal utrede drift av avfallsforbrenningsovn etter 2024.

MÅL 3

HR skal etablere gjenbruksordning i alle eierkommunene

Delmål

- K. Etablere avtaler om gjenbruksordning med en eller flere frivillige organisasjoner som omsetningsledd.

- L. En aktiv gjenbruksordning skal nytte lokalt avfallsmottak i den enkelte kommune som leveringspunkt.
- M. Dersom omsetningsledd via frivillige organisasjoner ikke fungerer, skal HR selv vurdere å etablere en gjenbruksordning ett eller to steder sentralt i regionen.

MÅL 4

HR skal bidra til at eierkommunene får en kostnadseffektiv renovasjonsordning for avfall og slam

Delmål

- A. Til enhver tid nytte konkurranseutsatte nedstrømsavtaler for gjenvinningsfraksjoner og farlig avfall.
- B. HR skal vurdere behovet for råstoff til avfallsforbrenningsanlegget og et eventuelt biogassanlegg.
- C. HR skal etablere eget anlegg for strømproduksjon basert på fjernvarmevann.
- D. HR skal hvert 2. år vurdere egen drift opp mot andre renovasjonsselskap ved deltaking av Avfall Norge sin Renovasjonsbenchmarking.
- E. HR skal ha en kostnadseffektiv håndtering av slam, herunder vurdere driften ved komposteringsanlegget.

MÅL 5

HR skal være blant de ti beste i landet på kundetilfredshet innenfor avfallsbransjen.

Delmål

- A. HR skal maksimalt ha 5 klager/ avvik fra abonnenter per uke.
- B. Økt og målrettet informasjon til alle abonnenter og ulike kundegrupper.
- C. HR skal ha en oppdatert nettside og en Facebook side, samt tilby en renovasjonsapplikasjon.
- D. HR skal ha et tett samarbeid om informasjon med kommunene, herunder link til nettsider, sosiale medier, direkte informasjon o.l.

MÅL 6 (visjon HMS)

Hallingdal renovasjon IKS skal være en god og trygg arbeidsplass med 0-filosofi på helse-, miljø- og materielle skader gjennom systematisk HMS- og kvalitetsarbeid.

Delmål

- A. HR skal ha tilfredse medarbeidere og eiere, og revisjon fra eksterne tilsyn skal ikke avdekke vesentlige avvik.
- B. HR skal ha et trygt og attraktivt arbeidsmiljø med høgt nærvær, kjennetegnet av respekt, tillit og samarbeid. Selskapet skal ha gode etiske retningslinjer, som jevnlig informeres om og revideres.
- C. HMS skal bidra til at det ikke oppstår uhell som resulterer i alvorlige personskader eller yrkesrelaterte sykdommer.
- D. HR skal unngå langtidspåvirkning på miljøet gjennom å forhindre og minimalisere skade eller forurensning fra egne aktiviteter.
- E. Utslepp til jord, vann og luft skal i minst mulig grad påvirke ytre miljø.
- F. HR skal være sertifisert etter en miljøstandard og etter en standard for ansvarlige offentlige selskaper.

TILTAK 2019 - 2023	FRIST	ANSV	MERKNAD
MÅL 1			
1.A Redusere antall husholdninger på bringeordning med minimum 500 abn, prioritere Gol (-200) og Hol (-300).	2021	Torgeir, Helge	I samråd med kommunene, budsjett HR
1.B Bygge ut nye konteinerpunkt for hytterrenovasjon med mulighet for kildesortering. Vurdere kapasitet ift innsamlings frekvens og bruk av ekstra oppsamlingsutstyr i ferier og høgtider.	Kont. 2023	Helge	Eget forslag til plan fra HR.
1.C.1 Påvirke til utvikling av to-kamret renovasjonsbil for tømning av nedgravde løsninger.	2019	Torgeir	
1.C.2 Vurdere logistikken ifm innsamling fra nedgravde løsninger, kapasitet RP, frekvens, bruk av krokobil o.l.	2019	Torgeir	
1.D Gjenvinningsfraksjoner utenom plast må lagres under tak, før og etter pressing. Papir mix-fraksjon må presses.	2019	Helge	Ny presse, takoverbygg.
1.D HR skal opprettholde dagens åpningstider ved LM, eventuelt vurdere økt åpningstider ift bruk.	Kont	Adm	
1.E Vurdere om LM Ål og Gol må bygges ut med vekt for små biler fra næring.	2020	Helge	
1.D-F Gjennomføre plukkanalyse av restavfallet for å finne grunnlag for utsorteringsgraden.	2019	Torgeir og Helge	Både for hente- og bringeordning. Hvert annet år.
MÅL 2			
2.A Arbeide for fortsatt drift ved Hallingdal trepellets AS, samtidig bidra til arbeidet for ny etablering av energiavtakere i Kleivi næringspark.	kont.	Leif Ove	Evt. vedtak i Styret og Rep.skap
2.B.1 Optimalisere driften ved avfallsforbrenningsanlegget, kontinuerlig vurdere kompetanse, kostnader, vedlikehold, reservedeler, og best mulig teknologi for anlegget for å være konkurransedyktig på pris.	Kont.	Olaf	Etablere riktig selv-kostpris pr tonn
2.B.2 Planlegge oppstart 01.01.2020 i Sigdal kommune.	2019	Leif Ove	Innsamling, LM. Omlasting i Krødsherad?
2.C.1 Bygge om stållkonteinere med små luker.	2019 - 2020	Olaf og Helge	
2.C.2 Vurdere takoverbygg for ferdig behandlet blandet avfall til forbrenning. Sortere blandet avfall bedre.	2020	Helge	
2.C.3 Vurdere sortering av alt konteineravfall.	2019	Helge	
2.D Innhente pris og gjennomføre forprosjekt for et biogassanlegg. Søke støtte hos MD kr. 250.000,-	01.06. 2019	Leif Ove	Antar 500.000,-
2.E Bygge biogassanlegg i Kleivi næringspark	2022	Leif Ove	Antar 45-50 mill
2.F Utrede fremtidig drift av avfallsforbrenningsovn.	2023	Leif Ove	Flisovnen skal bestå.
MÅL 3			
3.A Inngå avtaler med aktuelle frivillige organisasjoner	2019	Helge	
3.B Anskaffe låsbare skipskonteinere på LM, henge opp informasjon på LM, opplæring egne ansatte	2019	Helge	Mangler i Hemsedal, Ål, Flå og Krøds.
3.C HR må vurdere gjenbudsordning som fungerer likt i alle kommuner	2021	Leif Ove	
MÅL 4			
4.A Konkurransetsette nedstrømsavtaler på FA, papp, plast, papir og metall.	2019	Leif Ove	Gjentas hvert 2/3 år
4.B.1 HR skal arbeide for tettere samarbeid med mål om langsiktige avtaler på levering av brennbart avfall fra nabokommuner i regionen. Arbeide for at mer av næringsavfallet i regionen leveres her.	Kont.	Leif Ove	

4.B.2 HR skal arbeide for tettere samarbeid med mål om langsiktige avtaler på mottak og håndtering av slam fra nabokommuner i regionen	2020	Leif Ove	
4.C.1 HR skal gjennomføre eget forprosjekt som vurderer strømproduksjon i dagens avfallsforbrenningsanlegg.	2019	Olaf	Budsjett 2019, innleid, kr. 150.000,-
4.C.2 HR skal eventuelt etter vedtak etablere eget anlegg for produksjon av strøm.	2020	Olaf	10 mill.
4.E.1 HR skal vurdere og lage en analyse for å beskrive kostnader og optimalisere drift av innsamling i egenregi	2019	Torgeir	
4.E.2 HR skal delta på AN sin renovasjonsbenchmarking	2020	Leif Ove,	Budsjett HR
4.E.3 Ta i bruk planleggingsverktøy for systematisk forbyggende vedlikehold	2019	Olaf	
MÅL 5			
5.A HR skal etablere et system for registrering og håndtering av avvik/ klager (daglig drift/ innsamling) fra abonnenter	2019	Margun	I drift fra januar 2019
5.B HR skal etablere et system for tilbakemelding direkte til abonnent	2019	Margun	Vurdere om dagens styringssystem (PA) kan nyttes
5.C HR skal til enhver tid ha en oppdatert nettside, informasjon på en sosial informasjonsflate og en applikasjon	Kont.	Ingrid	FB og renovasjons app
MÅL 6			
6.A Følge opp og gjennomføre tiltak i den til enhver tid gjeldende HMS- strategiplan for HR.	Kont	Tore	
6.B Gjennomføre «ledelsens gjennomgang» 2 ganger i året med fokus på status, måloppnåing og miljøprestasjon	Årlig	Tore	Innført som del ISO14001
6.F Vurdere og forberede re-sertifisering etter ISO 14001 og eventuelt samfunnsansvar CSR.	2019	Tore	